



Sakspapir

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|---------------|------------|
| 142/17 | Formannskapet | 14.09.2017 |
| 067/17 | Kommunestyret | 21.09.2017 |

| | | |
|------------------------------------|------------------------|---------------------------------|
| Sakshandsamar: Monika Lysne | Arkiv: K2 - F77 | Arkivsaksnr. 11/610 - 21 |
|------------------------------------|------------------------|---------------------------------|

Detaljregulering av flaumsikring for Lærdalsøyri - oppstart av planarbeid

Kort samandrag:

Administrasjonen har skissert ein prosess og framdrift for å koma vidare med flaumsikringsarbeidet for Lærdalsøyri som er noko nedskalert i forhold til tidlegare sak både i forhold til omfang og kostnader. Det er lagt vekt på ein omfattande medverknadsprosess, samstundes som det er eit mål at prosessen vert grundig, men mindre kostnadskrevjande.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for Detaljregulering av flaumsikring for Lærdalsøyri i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8. Det skal utarbeidast planprogram, konsekvensutgreiing for utvalde tema, ROS-analyse (risiko og sårbarheit), planomtale, plankart og føresegner.

Kostnadane for planarbeidet vert å henta frå Disposisjonsfondet, opptil 200 000 kr.

14.09.2017 Formannskapet

Tilleggsframlegg:

Kostnadene for planarbeidet vert å dekkja inn frå midlar sett av på investeringsbudsjettet til

flaumsikring.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteken.

FS-142/17 Vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for Detaljregulering av flaumsikring for Lærdalsøyri i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8. Det skal utarbeidast planprogram, konsekvensutgreiing for utvalde tema, ROS-analyse (risiko og sårbarheit), planomtale, plankart og føresegner.

Kostnadene , opptil 200 000 kr. for planarbeidet vert å dekkja inn frå midlar sett av på investeringsbudsjettet til flaumsikring.

21.09.2017 Kommunestyret

Røysting:

Tilrådinga frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS-067/17 Vedtak:

Kommunestyret vedtek oppstart av planarbeid for Detaljregulering av flaumsikring for Lærdalsøyri i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8. Det skal utarbeidast planprogram, konsekvensutgreiing for utvalde tema, ROS-analyse (risiko og sårbarheit), planomtale, plankart og føresegner.

Kostnadene , opptil 200 000 kr. for planarbeidet vert å dekkja inn frå midlar sett av på investeringsbudsjettet til flaumsikring.

Vedlegg:

Reguleringsplan for flaumsikring av Lærdalselvi
Planområdet detaljregulering.pdf

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8

Saksutgreiing

Det har dei siste 7-8 åra vore kjend at Lærdalsøyri er svært flaumutsett ved større flaumar i Lærdalselva. Kommunen engasjerte i 2013 Norconsult til å utarbeide nye flaumsonekart, oppdatert etter dagens nye metodar for berekning av flaumfare. Situasjonen vart då noko

betra, men framleis er store delar av Lærdalsøyri flaumutsett. Det er gjort fleire tiltak for å betre situasjonen, som for eksempel forbod mot å byggje kjellar i alle nye bustadhus, heving av grunn på nye bustadområde, gjere bygningar flaumsikre osv. Ved ny busetnad, kan kommunen stilla krav om flaumsikker utbygging. Utfordringa ligg i den busetnaden som vart bygd før ein hadde kunnskap om den store flaumfaren, og konsekvensane dette kan få for store delar av tettstaden. I det flaumutsette område ligg blant anna pleie- og omsorgssenter, helsesenter, rådhus, sentrumsfunksjonar, verna trehusmiljø (Gamle Lærdalsøyri med 170 bygningar, mange frå 1700-1800-talet), skule og barnehage. Dei negative konsekvensane ved ein storflaum i Lærdalselvi kan verta enorme, då spesielt økonomiske konsekvensar. Det kan vera fare for liv og helse ved ein større flaum, dersom ein ikkje rekk å setja i gang evakueringstiltak før overflauming. Her kan blant anna brot i eksisterande flaumverk vera eit aktuelt tema.

Kommunen har no i fleire år arbeida for å kome i gang med flaumsikringsplan for Lærdalsøyri, i samarbeid med NVE. Sak om oppstart av planarbeid, vart fremja sist for kommunestyret 10.03.2016. Det vart den gongen skissert eit omfattande planarbeid, med forprosjekt, planprogram, konsekvensutgreiing og eit omfattande reguleringsplanarbeid som skulle omfatte både havnivåstigning, stormflo, tettstadutvikling, elvepark osv. Planarbeidet vart kostnadsberekna til om lag 2,5 millionar, og sikringstiltaket til om lag 50 millionar. NVE har stadfesta i møter at sak om flaumsikring for Lærdalsøyri, kan vera ein aktuell sak å gå inn med 80 % dekking av utgifter til prosjektering og gjennomføring av tiltaket. Då må kommunen garantere for distriktsandelen på 20 %. NVE dekkar ikkje kostnadar til reguleringsplanarbeidet.

Økonomiske konsekvensar

Kostnadane for planarbeidet vert utgifter til å engasjere fagkompetanse til dei to konsekvensutgreiingane. Kostnadane til desse utgiftene kan dekkjast av midlane som var sett av i disposisjonsfondet til forprosjekt for flaumsikringa, då opp til 200 000 kr. Det vil seia at ved å nedskalere prosjektet, og utføre planarbeidet internt i den kommunale drifta, vil planleggingskostnadane vera kring 200 000 kr i staden for 2,5 mill som tidlegare berekna. Sak om garanti for distriktsandelen på 20 % av kostnadane for gjennomføring av sjølve tiltaket, vil ein koma tilbake til seinare i prosessen.

Vurdering

Administrasjonen har drøfta saka på ny med NVE. Det viser seg svært vanskeleg å gå i gang med eit så omfattande og kostnadskrevjande prosjekt, i det omfanget som tidlegare har vore skissert. Med tanke på at NVE i utgangspunktet meinte at flaumsikringsplan for Lærdalsøyri kunne planleggjast og gjennomførast utan reguleringsplanarbeid, vert det konkludert med at planleggingsarbeidet kan skalerast ned monaleg. Dette vil auke gjennomføringsevna til kommunen, spesielt med tanke på at kommunen har noko avgrensa midlar tilgjengeleg til å nytte til arbeidet. Kommunen ynskjer å gjennomføre ein reguleringsplanprosess, då dette vil sikre medverknadsprosessen til grunneigarane i ein mykje større grad enn ved godkjenning av ein tiltaksplan. Administrasjonen meiner og at det er viktig å få på plass eit

kunnskapsgrunnlag før gjennomføring av tiltaket, slik at ein kan gjere avbøtande tiltak for å minske konsekvensar for spesielt biologisk mangfald (fisk, raudlistartar osv). Det er og enklare å få gjennomført andre tiltak i tråd med tidlegare planar, dersom dette er heimla i reguleringsplan – jamfør planlagd turdrag på elveførebygginga i Kommunedelplan for Lærdalsøyri (2008). Administrasjonen meiner likevel at havnivåstigning, stormflo og tettstadutvikling må handterast i eigne saker, helst knytt til arbeidet med arealdelen til kommuneplanen (planlagd oppstart hausten 2017).

Administrasjonen vil difor rå til at det vert vedteke oppstart av detaljreguleringsplan som skal omhandle berre sjølve flaumsikringa av Lærdalsøyri. Planen vert utarbeida av administrasjonen, i samarbeid med NVE. Då tiltaket i stor grad omfattar heving av eksisterande veg og flaumverk, vil planen for store delar av planområdet ikkje innebera større endringar, nye tiltak eller negative konsekvensar. Det vert likevel engasjert fagkompetanse til å utarbeide konsekvensutgreiing for fylgjande tema:

- Biologisk mangfald – det er fleire strekningar langs elva som er registrert som utvalde naturtypar. Nokre av desse registreringane er svært gamle, og det vil vera føremålsteneleg å få vurdert desse på nytt (jf. blant anna førekomst av Fjøreknappen ved Norsk Villakssenter).
- Naturressursar: fisk og fisket - Lærdalselva er nasjonal lakseelv, og det er svært viktig for grunneigarar, kommunen og andre at konsekvensane for fisken og fisket vert minimale ved alle tiltak i eller kring elva. Det må framleis vera god tilgjengelegheit til elva og leggjast best mogleg til rette for at flaumverket kan få positive konsekvensar for fiskeopplevinga i elva med omsyn til tilretteleggingstiltak, kantvegetasjon, estetisk og liknande.

Elles skal planomtalen omfatte tema som:

- Landbruksinteressene
- Kultur-, estetiske- og landskapsmessige kvalitetar
- Fleirbruk av flaumverk – bruk av flaumverket i dag, born og unge sine interesser, vidareutvikling av turveg med universell utforming, møteplassar osv.
- Tilhøve til regionale og nasjonale planar og føringar
- Vurdering av tilstrekkeleg klimatilpassing

Vurdering av konsekvensar for grunneigarane og sikring av deira medverknadsmoglegheit vert eit svært viktig tema i planprosessen. Det har tidlegare vore heldt eit møte med grunneigarane langs elva, og det vert planlagd både opne møter og møte med berørte grunneigarar og aktørar vidare i arbeidet. Planprosessen vert foreløpig planlagd slik (det kan

koma endringar gjennom arbeidet med planprogrammet):

| | |
|--|-------------------------|
| Vedtak om oppstart av planarbeid i kommunestyret | september 2017 |
| Kunngjering av oppstartsvedtak og moglegheit for innspel | oktober 2017 |
| Møte med ulike aktørar (Lærdal Elveigarlag, Statens vegvesen, regionalt planforum, grunneigarar, osv) | oktober 2017 |
| Utarbeiding av planprogram, utlegging til offentleg ettersyn | oktober/november 2017 |
| Vedtak av planprogram | november 2017 |
| Utarbeiding av KU, planomtale, føresegner, plankart osv | desember – februar 2018 |
| Utlegging til offentleg ettersyn | februar/mars 2018 |
| Ope informasjonsmøte | februar/ mars 2018 |
| Vedtak av detaljreguleringsplan | april 2018 |
| Ferdigstilling av tiltaksplanar (NVE) | mai/juni 2018 |
| Tiltaksplan vert send på lokal høyring til dei som vert direkte rørd av tiltak Vedtak av tiltaksplan (NVE og kommunen skal godkjenne) | Sommar/haust 2018 |
| Sikring av grunn og rettar vert arbeida med parallelt med ferdigstilling av tiltaksplanar | |

Kostnadane for planarbeidet vert utgifter til å engasjere fagkompetanse til dei to

konsekvensutgreiningane. Kostnadane til desse utgiftene kan dekkjast av midlane som var sett av i disposisjonsfondet til forprosjekt for flaumsikringa, då opp til 200 000 kr.